



NVE

Etne, 19.10.2017

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Sakshandsamar:

17/1121/17/1024 N - 654  
6

BEH

### Kambo Energi AS - Valdra Kraftverk. Fråsegn frå Etne kommune.

Etne kommunestyre - 051/17:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

#### **Samrøystes**

Etne kommune tilrår at Valdra kraftverk kan byggjast ut som omsøkt.

Søknaden syner at der er små negative verknadar frå utbygginga. Tiltaket vil gi viktige inntekter til søkjarane, lokalsamfunnet og Etne kommune. Samla sett er nytten ved prosjektet stor sett i høve til ulempene.

Der er store landbruksinteresser i planområdet, god tilkomstveg til Valdra vil såleis vere ei stor tilleggsnytte frå tiltaket.

Tiltaket er i tråd med *Energi- og klimaplan for Etne kommune* om å satse på klimavenleg energiproduksjon. Vasskraftutbygging er blant dei viktigaste tiltaka der kommunen kan bidra til betring i klimarekneskapen.

Verdiane av Valdraelva som gytebekk nedstraums kraftstasjonstomta synast å vere små, grunna flaumførebygging i elvebotnen. Vi ber såleis NVE vurdere om det kan gjevast fritak for omlaupsventil i utbygginga.

Med helsing



Beate Hetleflåt  
informasjonskonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



# SAKSUTGREIING

## ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	05.10.2017	051/17
Etne kommunestyre	17.10.2017	051/17

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Erik Kvalheim	N - 654	17/1121

### **Kambo Energi AS - Valdra Kraftverk. Fråsegn frå Etne kommune.**

#### **TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:**

Etne kommune tilrår at Valdra kraftverk kan byggjast ut som omsøkt.

Søknaden syner at der er små negative verknadar frå utbygginga. Tiltaket vil gi viktige inntekter til søkjarane, lokalsamfunnet og Etne kommune. Samla sett er nytten ved prosjektet stor sett i høve til ulempene.

Der er store landbruksinteresser i planområdet, god tilkomstveg til Valdra vil såleis vere ei stor tilleggsnytte frå tiltaket.

Tiltaket er i tråd med *Energi- og klimaplan for Etne kommune* om å satse på klimavenleg energiproduksjon. Vasskraftutbygging er blant dei viktigaste tiltaka der kommunen kan bidra til betring i klimarekneskapen.

Verdiane av Valdraelva som gytebekk nedstrøms kraftstasjonstomta synast å vere små, grunna flaumførebygging i elvebotnen. Vi ber såleis NVE vurdere om det kan gjevast fritak for omlaupsventil i utbygginga.

#### **05.10.2017 Formannskap**

#### **F- 051/17 Vedtak:**

#### **TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAP TIL KOMMUNESTYRE: Samrøystes**

Etne kommune tilrår at Valdra kraftverk kan byggjast ut som omsøkt.

Søknaden syner at der er små negative verknadar frå utbygginga. Tiltaket vil gi viktige inntekter til søkjarane, lokalsamfunnet og Etne kommune. Samla sett er nytten ved

prosjektet stor sett i høve til ulempene.

Der er store landbruksinteresser i planområdet, god tilkomstveg til Valdra vil såleis vere ei stor tilleggsnytte frå tiltaket.

Tiltaket er i tråd med *Energi- og klimaplan for Etne kommune* om å satse på klimavenleg energiproduksjon. Vasskraftutbygging er blant dei viktigaste tiltaka der kommunen kan bidra til betring i klimarekneskapen.

Verdiane av Valdraelva som gytebekk nedstraums kraftstasjonstomta synast å vere små, grunna flaumførebygging i elvebotnen. Vi ber såleis NVE vurdere om det kan gjevast fritak for omlaupsventil i utbygginga.

### **17.10.2017 Etne kommunestyre**

#### **K- 051/17 Vedtak:**

#### **Samrøystes**

Etne kommune tilrår at Valdra kraftverk kan byggjast ut som omsøkt.

Søknaden syner at der er små negative verknadar frå utbygginga. Tiltaket vil gi viktige inntekter til søkjarane, lokalsamfunnet og Etne kommune. Samla sett er nytten ved prosjektet stor sett i høve til ulempene.

Der er store landbruksinteresser i planområdet, god tilkomstveg til Valdra vil såleis vere ei stor tilleggsnytte frå tiltaket.

Tiltaket er i tråd med *Energi- og klimaplan for Etne kommune* om å satse på klimavenleg energiproduksjon. Vasskraftutbygging er blant dei viktigaste tiltaka der kommunen kan bidra til betring i klimarekneskapen.

Verdiane av Valdraelva som gytebekk nedstraums kraftstasjonstomta synast å vere små, grunna flaumførebygging i elvebotnen. Vi ber såleis NVE vurdere om det kan gjevast fritak for omlaupsventil i utbygginga.

#### **SAKSUTGREIING:**

#### **Innleiing (bakgrunn for saka)**


Saka gjeld fråsegn til planane om bygging av Valdra kraftverk i Skånevik.

**Problemstilling**

KAMBO Energi AS har på vegne av fallrettshavarane i på Åsheim og Milja søkt om løyve til å bygge småkraftverk i Valdraelva. NVE sendte søknaden på høyring 19.06.17 med høyringsfrist 04.09.17. Vi har fått utsett frist til 20.10.17. Sluttsynfaring med NVE og partane vart gjennomført 21.09.17. Søknadsdokumenta, ein del innkomne merknadar og søkjars kommentarar til desse ligg på nettsida:


<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=6927&type=V-1>

Vi klipper inn kart frå planområdet og samandraget i søknaden:



Over: Berørte nedbørsfelt og restfelt.





**FIGUR 6: UTSNITT AV DETALJKART FOR VALDRA KRAFTVERK, SE OGSÅ VEDLEGG 1. FOR OVERFØRINGER ER DET FRA VEST MOT ØST INNTAK I BEKK 1, BEKK 2, NEDSTE BEKKEN OG ØVSTE BEKKEN.**

**SAMANDRAG:**

---

Valdraelva vert søkt nytta til kraftproduksjon gjennom bygging av Valdra kraftverk som vil nytta avløpet frå et felt på 6,3 km<sup>2</sup>. Kraftverket vil utnytte eit 275 m høgt fall mellom kote 325 og kote 50. Kraftstasjonen vert liggande i dagen, og avløpet blir nedstraums like ved ein fangdam som er vandringshinder for anadrom fisk. Heile elvebotnen frå fangdammen og ned til sjøen er plastra i botn og førebygd mot flaumskader, og fangdammen si oppgåve er å stansa flaumtransport av steinblokker i elva. Elva nedstraums utlaupet til kraftverket har liten verdi for anadrom fisk, då den ikkje er eigna som gyteområde grunna plastringa i botn og sider. Elva vart førebygd etter storflaumen i 1983. Elva er ikkje lenger gyte og oppvekstelv for anadrom fisk.

Inntaket vert plassert rett ved det nedlagte gardsbruket Valdra. Det er 4 mindre bekkar på sørsida av elva som vert overført til hovudinntaket på kote 325. Nordvest for inntaket mellom inntak og garden Valdra kjem det 2 småbekker som også er tenkt overført til inntaket med kanal/veggrøft. Av bekkane som er søkt overført er det berre 1 som har tilnærma årssikker avrenning, der har ein planlagt slepp av minstevassføring lik alm lågvassføring på 2,3 l/s. Dette er Grense Jakobs elv, lengst vest. I tillegg er det planlagt slepp av minstevassføring lik alm lågvassføring frå hovudinntak. Dei andre småbekkene som er tenkt overført har ikkje årssikker vassføring, og det er avgrensa konsekvensar med å overføra dei, då det er korte parti mellom bekkeinntak og hovudelv som vert råka.

Røyrгатetraseen frå inntaket i Valdra føl ein planlagt godkjent skogsbilvegtrase ca 1400 m. Omkring kote 120/125 kryssar rørgata Valdra. Vidare nedover går traseen for det meste gjennom skog ned til stasjonen på kote 50. Det skal nyttast GRP-rør med diameter på 850 mm på øvre del, og nedste del på ca 850 meter vert med ductile støypejarnsrøyr DN 800. Total lengd vert ca 2000 m. Overføringane vert til saman 1380 m og det blir nytta PE-rør til denne delen. Installert effekt er beregnet til 3,55MW og produksjonen til 9,06 GWh.

Berggrunnen består av ymse gneisar som er sure bergarter. Det er ingen rike bergarter i tiltaksområdet eller nedbørfeltet. Heile nedbørfeltet består av enten bart fjell med tynt lausmassedekke eller tynn morene, mens heile tiltaksområdet består av tjukk morene.

Frå inntaket og nedover til der rørgata kryssar Valdra dominarar ein relativt fattig skogtype med dominans av bjørk, rogn, selje, gråor og hegg, samt smyle, blåbær, kvitveis, gulaks, tepperot på begge sider av elva. En finn og noko hassel. Vegetasjonen frå kraftstasjonen og oppover til staden der rørgata kryssar består av en brem med rikare edellauvskog langs nordaustsida av elva, mellom elva og store areal med planta gran i overkant samt ask, hassel og noe eik. Trase for overføring består frå aut mot vest av halvopen beitemark med ein del bjørk og gråor. Området er beitet av sau i svært lang tid. Vidare austover er det delvis overgang til einermark og bjørkeskog. Lengst aust er det mykje furu, og stadvis nesten furuskog. All skog er relativt open og ikkje særleg gamal. Heile området er artsfattig og i skogen finn ein innimellom tydelig beitepåvirka grasletter.}



Tiltaket fører til reduksjon i vassføringa mellom hovudinntak og kraftverket, samt mellom

bekkeinntaka og samløpet med Valdraelva. Dette vil føra til nedsett biologisk produksjon, og dermed noko dårligare forhold for vasstilknytta fugl som fossekall og strandsnipe. Elva er rask, noko som medfører at botnvegetasjonen er lite utvikla. Det er vandringshinder ved stasjonsområdet, som medfører at anadrom fisk ikkje går opp elva. Det er heller ikkje ål eller elvemusling i vassdraget.

Det er venta svært lite omfang for det terrestriske miljøet. Hogst og graving langs traseen og ved inntak vil vera det einaste, men det ikkje forventa å føre til særlig varig påverking. Det er vurdert som lite sannsynlig at tiltaket vil påverka de raudlista artar, og det same gjeld for det akvatiske miljøet.

Vassdraget frå inntaket og til stasjonen er ikkje eksponert mot landskapsrommet. Det er skjerna mot innsyn av tett skog og terrengformasjoner. Store deler av elva har gravd seg ned i terrenget. Tekniske inngrep traktorveier og kjørespor i tilknytning til skogsdrift svekker landskapsverdien i området.

Prioritert naturtype:

Det er lokalisert ein prioritert naturtype av lokal verdi i den nedste nordvestlige delen av tiltaksområdet frå kraftstasjonen og oppover elva der elva går som bekkekløft eit stykke. Dette er eit område med edellauvskog, med bla anna asko, hassel og alm. Lokalt viktig lokalitet-C. Dette området ligg på andre sida av elva i forhold til vassveg, og vert ikkje direkte påverka av tiltaket.

Raudlisteartar:

I den naturfaglege undersøkinga i samband med prosjektet vart det berre påvist 2 artar innanfor influensområdet som er raudlista. Dette er: Ask og Alm.

Det er ingen særlige visuelle kvalitetar innanfor kraftverkets influensområde. Med tanke på landskapsomsyn kan Valdraelva tåle reduksjon i vassføringa utan at det vil få tyding for landskapsopplevinga. Ut over redusert vassføring vil ikkje tiltaket etterlate særlig varige spor.

Sumvirkningar er vurdert å være ubetydelige. Avgrensa innsyn til tiltaksområdet medfører ikkje at landskapskarakteren vert påvirka, og då heller ikkje landskapet som heilhet. Tiltaket påvirkar også svært liten grad friluftsliv.

Samla konsekvens av en utbygging er vurdert å være liten negativ.

<i>FYLKE</i>	<i>KOMMUNE</i>	<i>VASSDRAG</i>		<i>ELV</i>	
<i>Hordaland</i>	<i>Etne</i>	<i>042.12Z</i>		<i>Valdra</i>	
<i>Nedbørsfelt</i>	<i>Fallhøyde</i>	<i>Vannvei lengde</i>		<i>Vannvei diameter</i>	
<i>[km<sup>2</sup>]</i>	<i>[m]</i>	<i>grøft [m]</i>	<i>tunnel [m]</i>	<i>rør [mm]</i>	<i>tunnel[mm]</i>
6,32	275,0	2000	0	850	0,0
<i>Slukeevne maks</i>	<i>Slukeevne min</i>	<i>Alminnelig lavvannføring</i>		<i>Minstevannføring</i>	
<i>[l/s]</i>	<i>[l/s]</i>	<i>[l/s]</i>		<i>sommer [l/s]</i>	<i>vinter [l/s]</i>
1550	25	20		20	20
<i>Installert effekt</i>	<i>Produksjon pr år</i>	<i>Utbygningspris</i>		<i>Utbygningskostnad</i>	
<i>[MW]</i>	<i>[GWh]</i>	<i>[mill.nok]</i>		<i>[kr/kWh]</i>	
3,55	9,06	38,00		4,20	

Sitat slutt....

### Vurdering:

Konsesjonssøknaden syner at der er stor overvekt av nytte kontra ulempe med utbygginga. Rådmannen ser det ikkje naudsynt å gå inn i alle detaljar, men syner til søknaden på nemnte nettside, inkl. konsekvensutgreiing, detaljkart, foto, framlegg til avbøtande tiltak (s. 42) etc. Dei negative verknadane av utbygginga er relativt avgrensa, synfaringa 21.09.17 understreka dette. Valdraelva går i lange delar i juv som er lite eksponert i landskapet; fråføring av vatn vil her ikkje vere dramatisk. Minstevassføring og restfelt nedstraums bekkeinntaka vil gi noko restvatn i elvane. Rørygater vert gravne ned. Frå inntaket aust for Valdra og nedover er rørygata kombinert med framtidig landbruksveg. Det vart gitt løyve til bygging av ny landbruksveg i 26.09.13, men han vart ikkje fullført. Det er no tanken at kraftutbygginga skal dekke kostnaden med vegen, delvis i litt justert trasè. Ny veg vil vere særst positivt for landbruksinteressene i området, m.a. går der mange hundre beitedyr ved Valdra og på tilstøytande eigedomar. Tilkomstveg vil gi meir effektiv drift og ein kan halde Valdra betre i hevd. Området er lokalt viktig for friluftsliv, men det er snakk om ei relativt skånsam kraftutbygging. Nemnte veg vil gi lettare tilgjenge for turfolk.

Utbygningskostnaden er stipulert til 38 mill. kr. Om dette vert takstgrunnlaget for eigedomsskatt til kommunen veit vi ikkje sikkert, men i så fall ville årleg skatt vore på 266.000 kr. Om han skulle bli noko lågare, utgjer det likevel viktige inntekter for kommunen. Der vil i tillegg kome positive ringverknadar i høve til sysselsetting og verdiskaping lokalt. Meir om samfunnsmessige verknadar s. 36 i søknaden.

Verdiane av Valdraelva som gytebekk for sjøaure nedstraums kraftstasjonstomta synast å vere små, grunna flaumførebygging, m.a. etter flaumen i 1983. Sjølv om alle meter med gytestrekning er viktig, meiner rådmannen NVE bør kunne vurdere fritak for omlaupsventil i anlegget. Ein slik ventil hindrar at elva ved brå driftsstans tørkar ut og fiskeegg og yngel tek skade i tida inntil nytt vatn kjem ned i sin naturlege vassveg. Valdraelva er plastra i botn og på sidene nesten heilt opp til kraftstasjonstomta, berre heilt øvst er førebygginga no brote litt opp, slik at her finst nokre kulpar der fisken kanskje kan gyte. Sidan nemnte ventil kostar rundt 0,5 mill. kr. for eit kraftverk i denne storleiken, bør fritak kunne vurderast.

Tiltaksområdet ligg i hovudsak i LNF-område i kommuneplanens arealdel. Det må såleis søkjast om dispensasjon frå arealdelen for utbygginga. I eit lite parti aust for villmarksleiren til Skånevik Naturoppleving går planlagt røyrgate gjennom eit næringsområde/steinbrot i arealdelen. Utbygginga er ikkje i strid med dette føremålet, sidan det også trengst tilkomstveg inn i dette området. Grunneigar her er blant søkjarane om kraftutbygging. Dispensasjon bør såleis vere kurant. Inntekter frå kraftutbygging vil styrke gardsbruka som er med på søknaden, og er såleis positivt for landbruksinteressene i området.

Etne kommune skal i fråsegner av denne typen primært uttale oss om ålmenne interesser, tilhøvet til kommuneplanens arealdel, andre relevante planar etc. Dvs. ikkje reine privatrettslege tilhøve. NVE sa i oppsummeringa etter synfaringa 21.09.17 at slike spørsmål må søkjarane avklare seg i mellom. Vi kjenner til at der er nokre uavklara privatrettslege spørsmål mellom partane i denne saka. I spørsmål omkring den omsøkte landbruksvegen i området har kommunen derimot ei rolle.

Til slutt ein merknad til søkjars kommentar til ein av dei innkomne høyringsuttalene (frå Kristen Åsheim v/ Solfrid Åsheim) på nemnte nettside. Saka gjeld det omtalte løyvet til å bygge landbruksveg frå 26.09.2013. Sakshandsamar (i kraftsaka) er her referert unøyaktig av Kambo Energi, sidan det m.a. står at sakshandsamar har sagt at det «uansett ikkje vart noko problem å forlenge /oppdatere løyvet ....». Det rette er at sakshandsamar har sagt at det kan *SØKJAST om å forlenge/oppdatere løyvet*. Så får landbrukskontoret ta sakshandsaminga vidare på vanleg måte. I høve til nabovarsel, så kan dette nyttast i landbruksvegsaker, men privatrettslege tilhøve må i alle høve avklarast. I dette tilfellet var nabovarsel signert av Lars Rune Langhelle, som er grunneigar på teigen nedom Valdra, der det skulle byggast ny veg, medan det for den nedre delen ned mot Åsheim (Rabben), der eksisterande veg skulle rustast opp, ikkje var sendt nabovarsel. Solfrid Åsheim har 08.06.17 fått svar frå landbrukskontoret om at løyvet frå 26.09.13 var gått ut, medan det frå søkjar si side vert sagt at ny veg var påbegynt innan fristen på 3 år, og at det vart gitt melding om dette til kommunen. Spørsmål om ev. fornying må avklarast med landbrukskontoret.

**Saksgang:**

Formannskapet  
Kommunestyret

**Utskrift til:** På e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)